



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep.  
0030 OSLO

Dato: 16.01.2015  
Vår ref.: 2015/552-1  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Bruk av erstatningskøyretøy for drosje

Det går fram av yrkestransportforskrifta § 48, tredje ledd at løyvehavar kan nyta erstatningsbil når den ordinære drosjebilen som fylgje av skade eller reparasjon er ute av drift. I brev av 12.08.1996 til Vest-Agder fylkeskommune presiserer departementet at bestemminga «er å anse som en fastsettelse av retten til, i unntakstilfeller å benytte annet godkjent materiell for oppfyllelse av transportplikten». Ein har lagt til grunn at erstatningsbil berre vert nytt ved lengre driftsstans, og at taksmeter i den ordinære drosja vert utmontert og montert inn i erstatningsbilen.

Ved innføring av taksmeterforskrifta vart framgangsmåten komplisert og dyr for den enkelte løyehavar, og Rogaland fylkeskommune tok opp problemstillingar kring bruk av erstatningsbil med departementet i 2011. I brev av 18.01.2012 til Rogaland fylkeskommune konkluderer departementet at ein «*foreslår at drosjenæringen om ønskelig tar saken opp direkte med Justervesenet*».

Hordaland fylkeskommune erfarer no at ein del løyvehavarar har innmontert taksmeter i privatbil/ekstra bil til bruk som erstatningsbil på permanent basis. Med andre ord ut- og innmonterer ikkje løyvehavar taksmeteret i den ordinære drosja, men har i staden ein ekstra bil tilgjengeleg i tillegg til bil som er registrert på løyve. Taksmeter i erstatningsbilen er registrert og godkjent av Justervesenet med eit «fiktivt» løyvenummer, dvs. at ordinært løyvenummer er tillagt eit ekstra tal eller ekstra bokstav. Så vidt me kan sjå er dette ein praksis regelverket ikkje omtaler.

Hordaland fylkeskommune ser at erstatningsbilane vert nyttva ofte og i stor utstrekning. I nokre tilfelle kører erstatningsbilen inn like mykje som den ordinære drosja. I fylgje yrkestransportforskrifta § 48 kan ein nyttva erstatningsbil som fylgje av «skade eller reparasjon», men bestemminga seier ikkje noko om lengda på driftsstansen.

Me ser at nokre nyttar erstatningsbil av praktiske og økonomiske årsaker, utan at det dreier seg om reell driftsstans. Innmontering av ekstra taksmeter i ein ekstra bil gjev løyvehavar fleksibilitet og sikrar transportplikta, men kan opna for kreative driftsformar som kan vera konkurranseridande og som vanskeleg lar seg kontrollera av løyvestyresmakta.

Me bed om departementet sine synspunkt på kor vidt bruk av permanent erstatningsbil med eige taksmeter er i tråd med gjeldande regelverk, og i motsett fall kva heimel løyvestyresmakta har til å nekta denne praksisen.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*